

PlanID
20130012

ARBUNESSET

PLANOMTALE

Plankontoret Hallvard Homme AS
4747 Valle
Tlf: 37937000
post@plankontoret.no



*DETALJ-
REGULERINGSPLAN*

Vedteken i kommunestyret

15.09.2016

Innhald

1	BAKGRUNN	3
1.1	LOKALISERING	3
2	OVERORDNA PLANVERK	4
2.1	KOMMUNEDELPLAN VÅGSLID	4
2.2	REGULERINGSPLAN ARBUNESSET	4
3	PLANOMRÅDET I DAG	5
3.1	NATURMANGFALD	5
4	KONSEPT	6
5	PROSESS	8
5.1	INNSPEL TIL PLANARBEID	8
5.1.1	FYLKESMANNEN I TELEMARK	8
5.1.2	TELEMARK FYLKESKOMMUNE	8
5.1.3	STATENS VEGVESEN	8
5.1.4	GEIR THORLAND GNR/BNR 99/258	9
5.1.5	KARI AMUNDSEN GNR/BNR 99/245	9
5.2	INNSPEL UNDERVEGS I PROSESSEN	10
5.2.1	ARILD DAHL GNR/BNR 99/250	10
5.2.2	ANNE GRETHE OG MAGNAR HILLES DAL GNR/BNR 99/134	10
5.2.3	TORDIS VESTBØ GNR/BNR 99/57	10
5.2.4	BRIT RASMUSSEN GNR/BNR 99/248	10
5.2.5	EGIL M. MORTENSEN GNR/BNR 99/61	11
5.2.6	HELGE GRØNSNES GNR/BNR 99/147	11
5.2.7	GNR/BNR 99/132	11
5.2.8	JAN KÅRE HELGELAND GNR/BNR 99/139	12
5.2.9	KARI AMUNDSEN GNR/BNR 99/245	12
5.2.10	KARSTEN ENES GNR/BNR 99/253	12
5.2.11	ELEN GAARD OG KNUT KRISTIANSEN GNR/BNR 99/62	12
5.2.12	MALVIN HILLESTAD GNR/BNR 99/254	13
5.2.13	ELINA GRAINGER OG ROGER FØLEIDE GNR/BNR 99/135	13
5.2.14	JAN OVE OG WENCHE J. SAGENES GNR/BNR 99/66	13
5.2.15	STEIN ERIK GROV GNR/BNR 99/65	13
5.2.16	ASBJØRG OG OLA MARVIK GNR/BNR 99/249	13
5.2.17	SVEIN ÅRSVOLL GNR/BNR 99/255	14


5.2.18	SVEN MAGNE STORESUND GNR/BNR 99/67	14
5.2.19	ODDBJØRN SYVERSEN GNR/BNR 99/150	14
5.2.20	WILHELM ENGELSEN GNR/BNR 99/257	14
5.2.21	ANDERS MØRLAND GNR/BNR 99/63	14
5.2.22	BJØRN BAKKEN GNR/BNR 99/60	15
5.3	AVKLÅRINGAR MED VINJE KOMMUNE 22.10.2015	15
6	VURDERINGAR	16
6.1	ROS-ANALYSE	16
6.1.1	SAMANDRAG	16
6.1.2	METODE OG FØRESETNADER	16
6.1.3	OVERORDNA RISIKOVURDERING	18
6.1.4	ENDELEG RISIKOVURDERING	21
6.1.5	KJELDER	21
6.1.6	RADON	22
6.2	KONSEKVENSAAR FOR BORN, UNGE OG RØRSLEHEMMA	23
7	PLANOMTALE	24
7.1	BYGNINGAR OG ANLEGG	24
7.2	SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR	24
7.3	LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSLIVSFORMÅL SAMT REINDRIFT	24
7.4	BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG	24
7.5	OMSYNSONER	24

1 Bakgrunn

Grunneigar Olav Magne Underdal har sett i gong detaljreguleringsarbeid på delar av gnr/bnr 99/7. Planområdet omfattar delar av teig F6 i høyringsutkastet til kommunedelplanen for Vågsli, og H/N 22 i gjeldande kommunedelplan for Vågsli. Plankontoret Hallvard Homme AS blei kontakta for å få gjennomført ein planprosess i samsvar med PBL. I løpet av planprosessen blei også Knut Tore Apeland involvert i plassering av nye hyttetomter.

1.1 Lokalisering


Detaljreguleringsarbeid er sett i gong på delar av gnr/bnr 99/7. Planområdet er lokalisert sør for E-134. Eivindbuvatn grensar i nord-vest og Arbuvatn i aust.



3

Øvst t.h.: Bilete av planområdet.

Nedst t.h.: Lokalisering av planområdet i Vågsli.



2 Overordna planverk

2.1 Kommunedelplan Vågslid

I gjeldande kommunedelplan for Vågslid er området sett av til «kombinert område for fritidsbustad/turistanlegg med bueiningar for utleige», H/N 22. Innanfor området skal det vere 15% turistanlegg med bueiningar for utleige. Høyringsutkastet for ny kommunedelplan for Vågslid set av den same teigen til «noverande og framtidige fritidsbustader», F6. Utkast til føresegnene tillét inntil 20% fortetting med omsyn til landskapet. Dermed er omfanget av byggeområdet ikkje i tråd med høyringsutkastet til overordna plan, dersom den vedtakast i sin noverande form.

T.h.: Utdrag frå gjeldande kommunedelplan for Vågslid.




4

2.2 Reguleringsplan Arbuneset

Reguleringsplan for Arbuneset omfattar delar av Arbuneset. Planen vart vedteken 04.02.1999. Planen syner nye køyrevegar, plassering av nye hyttetomter og ei pumpestasjon for avløpsvatn. Desse elementa blei bygd etter år 200, omtrent slik planen synte.

Gjeldande reguleringsplan for Arbuneset 2 sjåast på som ferdig utbygd. Framlegget til ny plan kjem til å innehalde 13 nye hyttetomter, 2 av dei vil vere utleigehytter.




Over: Gjeldande RP for Arbuneset.

3 Planområdet i dag

3.1 Naturmangfold

Planområdet ligg innanfor Heiplanen. Det ligg akkurat innanfor plangrensa til denne planen. Området er i Heiplanen sett av til «Hensynssone Bygdeutvikling». Planarbeidet er difor i tråd med heiplanen.



Over: Kartutsnitt av Heiplanen. Planområdet merka med rød sirkel.

T.v.: Plankart av Arbuneset. Heiplanen merka med røde strikar.


Store delar av området består av open fastmark og uproduktiv lauvskog av låg bonitet. Naturmangfoldlovens §8 er vurdert ut frå informasjon henta frå Naturbase, Artsdatabankens artskart og andre tilgjengelege baser. Planen vurderast ut ifrå desse registreringane å ha oppfylt krava i Naturmangfoldlovens §8. Planområdet har ingen registrerte truga eller sårbare arter/naturtypar.

Ut i frå gjeldande registreringar i dei offentlege basene ser det ikkje ut til at det kan påvisast effektar av tiltaket på truga, nær truga eller verdifull natur. Planlegger legger derfor til grunn for at det ikkje er naudsynt å foreta vurderingar etter miljøprinsippa i Naturmangfoldlovens §§ 9 – 12.

4 Konsept

Føremålet med planarbeidet er å regulere inn 13 tilleggstomter innanfor gjeldande reguleringsplan for Arbuneset 2. I det gamle hyttefeltet (Arbuneset 1) regulerast utvidingar av tomtegrenser og utnyttingsgrad i samhøve med ynskja til eksisterande hytteeigarar. Også i området til Arbuneset 2 blei nokre tomter auka i omfanget, som eit framlegg for tilpassing til dei faktisk tilhøva. Det interne vegnettutvidast med ein ny parsell lengst vest i Arbuneset 2. Denne vegen blir tilkomsten til 8 nye tomter. Dei resterande 5 tomtene plasserast langs etter eksisterande veg og VA-infrastruktur. Dette vil gjeve utvikling med få inngrep.

Den eksisterande skiløypetraséen går no delvis over isen. Det er ikkje ynskjeleg. Den planleggjast no lagt om nokre plassar slik at den ikkje går over Arbuvatn lenger.



Over t.v.: Planlagd skiløypetrasé. Over t.h.: Noverande skiløypetrasé.

Ny kommunedelplan for Våglid er ikkje vedteken enda, heimelen som tillét inntil 20% fortetting har ikkje trådd i kraft. Administrasjonen i Vinje kommune meinte opphaveleg at fortetting med 20 % vil tilseie 3 nye hyttetomter, av di ein plasserer ale tomter i trinn 2 av Arbuneset-utbygginga. Planleggjar meiner ein må sjå på heile området under eitt. Då vil 20 % tilseie 8 tomter.

Det er lite lønsamt for grunneigarar med ei så lita utbygging, då grunnlagsinvesteringar i veg, vatn og avlaup er kostnadskevjande. Landskapet kan tåle fleire tomter, og tiltakshavar bad kommunen om å vere positive til fleire enn 8 tomter. Dette blei teke opp i eit møte mellom tiltakshavar og planadministrasjonen. Plan- og miljøutvalet reiste på synfaring med planadministrasjonen. I etterkant av dette opna administrasjonen for at ein kan tillate 13 tomter med omsyn på landskapet.

Det regulerast for høg sanitær standard i heile området. Det førebuaast dimed å skifte ut nokre private-med felles anlegg. Konsulentselskapet SWECO A/S har utarbeidd eit utkast til VA-plan som fylgjer planforslaget. VA-planen syner korleis eksisterande og nye hytter blir forsynt med drikkevatt og

Detaljreguleringsplan for Arbuneset

avlaup. Denne planen er ikkje endeleg, men er eit godt grunnlag for ein endeleg VA-plan som krevjast til byggjesøknad.

5 Prosess

5.1 Innspel til planarbeid

Varsel om oppstart av planarbeid blei sendt ut den 04. desember 2013, med svarfrist 02. januar 2014. I etterkant av varselmeldinga har det blitt registrert 5 innspel til planarbeid.

5.1.1 Fylkesmannen i Telemark

Naturmangfoldloven skal vurderast etter §§8-12.

Området ligg innanfor Hardangerviddaplanen for villrein og grenser til Heiplanområde. Området er avsett til sone for reiseliv (G). Villrein må vurderast.

Utbygging bør ikkje skje for nær vatna. Det bør setjast ei sone som sikrar ålmenta si tilgang og såleids hindrar ei privatisering nær vatnet.

Det er krav om risiko- og sårbarheitsanalyse.

Merknadar:

Naturmangfoldloven er vurdert etter §§8-12. Sosi-fil av Heiplanen syner at planområdet ligg innanfor denne planen. Området planområdet ligg i er sett av til bygdeutvikling.

Det er sett av 50 meters byggegrense frå vatn. ROS-analyse er innarbeida under vurderingar.

5.1.2 Telemark fylkeskommune

TFK ynskjer å registrere området for automatisk freda kulturminne. Bygg bør underordne seg dei stadeigne forhold slik at det blir samklang mellom bygg og landskap. Terrenginngrep skal avgrensast til det som er strengt naudsynt for utbygging. Eit fellesområde bør leggjast inn i dei einskilde hyttefelt.

Merknadar:

Det vart ikkje påvist automatisk freda kulturminne då Telemark fylkeskommune undersøkte staden. Bygg vil ikkje bli sett på koller og toppar, og vil dermed ikkje sjenere frå veg. Føresegner seier at terreng og vegetasjon skal takast vare på så langt det er mogeleg. Planområdet består av friluftsområder som kan nyttast som fellesområde.

5.1.3 Statens vegvesen

Ingen merknad.

5.1.4 Geir Thorland gnr/bnr 99/258

Framtidig skiløype mot Fossen i nedre del av planområdet vil vere viktig for å unngå løypekøyning over isen, samt unngå krysning av bilveger. Vegetasjon bør tilbakeførast slik at den naturlege vegetasjonen kjem tilbake. Silhuettverknad sett frå E-134 bør unngåast ved utbygging av nye hytter.

Merknader:

Løype regulerast på land. Terreng og vegetasjon skal takast vare på så langt det er mogleg. Bygg vil ikkje bli sett på koller og toppar, og vil ikkje få silhuettverknad.

5.1.5 Kari Amundsen gnr/bnr 99/245

Uorganisert leik vil vere viktig å bevare for å fremme skiglede i dagens samfunn. Tidlegare 100m grense ned til vatnet ynskjust behaldt slik at turløypa rundt vatnet blir «freda». Lite vegetasjon i området gjer hyttene i området meir synlege. Brøyting av veg vinterstid gjer at meir sno blir liggande på hytteeigars tomt, og hytteeigar lurar på om brøyting av veg opphavelig var med i planlegginga av området. Hytteeigar ynskjer å kjøpe noe tomteareal for å bygge et anneks.

Merknader:

Planområdet består av grøntområde mellom hyttene som kan nyttast til leik. Det setjast ikkje av særskilt regulerte teigar til leikeføremål.

Det er 50 meters byggjegrænse til vatnet som gjeld for området.

Brøyting av veg er eit privatrettsleg tilhøve som ikkje regulerast gjennom planen.

Eit større tomteareal er regulert inn i plankartet.

5.2 Innspel undervegs i prosessen

5.2.1 Arild Dahl gnr/bnr 99/250

Administrasjonen har uttalt å vere positiv til 3 nye hytter, men det planleggjast 8 nye. Ein av dei planlagde hyttene vil vere til sjenanse for hytteeigar og den bes fjernes eller flyttast.

Merknadar:

Innspelet kom undervegs i prosessen etter innspelsfasen. Hytteeigar visar til eit tidlegare utkast til plankart.

Hytteområdet kan i følgje høyringsutkast til KDP Vågslid fortettast med 20 %. Planadministrasjonen tek utgangspunkt i arealet til den gjeldande reguleringsplanen når dei summerer 3 nye hytter. Planleggjar meiner at heile teigen i KDP må takast med som grunnlag for utrekning av hyttetall i tråd med høyringsutkast til ny kommunedelplan.

I løpet av planprosessen har tiltakshavarane, planleggjar og kommuneadministrasjon blitt samde om at landskapet kan tole 13 nye tomter. Framlegg til regulering tek difor høgde for dette.

5.2.2 Anne Grethe og Magnar Hillesdal gnr/bnr 99/134

Ynskjer å bygge annek og vil ha 600-800 m² større tomt mot sør, aust og nord.

Merknad:

ynskje takast til følgje.

5.2.3 Tordis Vestbø gnr/bnr 99/57

Ynskjer tilleggsareal mot aust og sør.

Merknad:

Ynskje takast til følgje.



5.2.4 Brit Rasmussen gnr/bnr 99/248

Ynskjer godkjenning til å bygge reiskapshus/skihus - ca. 15-20 m² på eigen tomt.

Merknad:

Må avklårast med byggesakshandsamar i Vinje kommune.

5.2.5 Egil M. Mortensen gnr/bnr 99/61

Ynskjer 250-300 m² tilleggsareal.

Merknad:

Ynskje takast til følgje.

5.2.6 Helge Grønsnes gnr/bnr 99/147

Ynskjer tilleggsareal mot nord og vest.

Merknad:

Ynskje takast til følgje.




11

5.2.7 Gnr/bnr 99/132

Ynskjer ca. 1300 m² tilleggsareal.

Merknad:

Ynskje takast delvis til følgje.



Ynskja areal




Inntegna areal

5.2.8 Jan Kåre Helgeland gnr/bnr 99/139

Ynskjer ca. 355 m² tilleggsareal for å ha moglegheit til å byggje på hytta.

Merknad:

Ynskje er tatt til følgje.



5.2.9 Kari Amundsen gnr/bnr 99/245

Ynskjer ei utviding av tomta ca. 5-6 m mot nord og ein linje på vestsida parallelt med hyttevegg.

Merknad:

Ynskje takast til følgje.

5.2.10 Karsten Enes gnr/bnr 99/253

Vegen forbi gnr/bnr 99/253 som går opp til gnr/bnr 99/254 ligg på 99/253 sin eigedom. Eigar av 99/253 har difor blitt lova at hans tomt skal utvidast mot vest som kompensasjon for dette.

Merknad:

Ikkje lenger relevant, då vegen er flytta mot vest og går ikkje lenger over hans tomt.



5.2.11 Elen Gaard og Knut kristiansen gnr/bnr 99/62

Ynskjer ca. 650 m² tilleggsareal for å byggje på hytte og ein bod. Dei ynskjer også å bygge veg i ca. 110 m lengde frå start veg mot 99/58 og 99/59 i retning knaus sør for deira hytte. Vegen skal stoppe i ein parkeringsplass for 2 bilar. Ca. 350 m² arealbehov.

Merknad:


Ynskje om tilleggsareal til å byggje på hytte og eit anneks takast til følgje.

5.2.12 Malvin Hillestad gnr/bnr 99/254

Ynskjer tilleggsareal på sin tomt.

Merknad:

Ynskje takast til følgje.



5.2.13 Elina Grainger og Roger Føleide gnr/bnr 99/135

Ynskjer tilleggsareal på ca. 200 m² i retning sør-aust og nord-vest.

Merknad:

Ynskje takast til følgje.



5.2.14 Jan Ove og Wenche J. Sagenes gnr/bnr 99/66

Ynskjer tilleggsareal på 500 m².

Merknad:

Ynskje takast til følgje.



5.2.15 Stein Erik Grov gnr/bnr 99/65

Ynskjer tilleggsareal på ca. 250 m².

Merknad:

Ynskje takast til følgje.




5.2.16 Asbjørg og Ola Marvik gnr/bnr 99/249

Ynskjer tilleggsareal på ca. 200-250 m² mot aust og nord for å byggje eit anneks.

Merknad:

Ynskje takast til følgje.




5.2.17 Svein Årsvoll gnr/bnr 99/255

Ynskjer tilleggsareal ca. 7 m mot sør.

Merknad:

Ynskje takast til følgje.




5.2.18 Sven Magne Storesund gnr/bnr 99/67

Ynskjer tilleggsareal på ca. 440-450 m² mot aust og sør for å kunne byggje anneks.

Merknad:

Ynskje takast til følgje.



5.2.19 Oddbjørn Syversen gnr/bnr 99/150

Ynskjer tilleggsareal. Tomtas ytre grenselinjer forlengast fram til vegen.

Merknad:

Ynskje takast til følgje.




5.2.20 Wilhelm Engelsen gnr/bnr 99/257

Ynskjer tilleggsareal på 800 m².

Merknad:

Ynskje takast til følgje.




5.2.21 Anders Mørland Gnr/bnr 99/63

Ynskjer tilleggsareal.

Merknad:

Ynskje takast til følgje.




5.2.22 Bjørn Bakken gnr/bnr 99/60

Ynskjer tilleggsareal på 400-500 m².

Merknad:

Ynskje takast til følgje.



5.3 Avklåringar med Vinje kommune 22.10.2015

Det vart eit avklåringmøte med Vinje kommune, Plankontoret Hallvard Homme AS og grunneigar 22.10.2015. planleggjar la fram forslag til plankart og tekstdokument med føresegner. Kommunen vart i utgangspunktet negative til hyttetalet (17 føreslegne tomter) og storleiken til hovudhus. Også nokre av dei utvida tomtene i nordre del av planområdet vart dei negative til, då hytteeigarane ynskja uforholdsmessig store tilleggsareal.

Planadministrasjonen vurderte landskapstilhøva i ein intern gjennomgang til å tole inntil 13 nye tomter. Storleiken på hovudbygg tilrådest framleis til å vere 100 m² BYA. Dette blei det gjeve tilbakemelding om.

6 Vurderingar

6.1 ROS-analyse

6.1.1 Samandrag

Planområdet og planlagde tiltak er omtalt i planomtale. Det er Plankontoret HH AS, avd. Vinje som har utarbeida risiko og sårbarheitsanalyse.

Analysa har avdekt følgjande forhold/hendingar, kor alle er kategorisert i grøn risikovurdering og dermed ikkje trengjer særskilte tiltak i plankart eller føresegner:

- 1) Radon – potensiell høg radonfare
- 2) Brann – berre 1 åtkomstveg
- 3) Glatte vegar kan føre til ulykker som stengjer vegen til området
- 4) Ulykke i av- og påkøyring, samt med myke trafikantar (Det vil det alltid vere så lenge det finnast biler)

6.1.2 Metode og føresetnader

Analysen er gjennomført med egen sjekkliste basert på rundskriv frå DSB. Analysen er basert på føreliggjande planforslag. I risikovurderingane er det tatt utgangspunkt i relevante kravdokument. Informasjon om kor data og informasjon er henta frå er oppført for kvar risikovurdering.

Moglege uynskte hendingar er sortert etter tema. Vidare er hendingane sortert i to hovudgrupper; dei som kan påverke planrådets funksjon, utforming med meir, og hendingar som direkte kan påverke omgjevnadane (høvesvis konsekvensar for og konsekvensar av planen). Tilhøve som er med i sjekklista, men ikkje er til stades i planområdet eller i planen, er kvittert ut i kolonnen "Aktuelt?" og berre unntaksvis kommentert. Det oppgjevast likevel kva kjelde ein har brukt for å kome fram til konklusjonen.

Vurdering av **sannsyn** for uynskte hending er delt i:

- Svært sannsynleg (4) kan skje regelmessig; forholdet er kontinuerlig tilstade
- Sannsynleg (3) kan skje av og til; periodisk hending (årleg)
- Mindre sannsynleg (2) kan skje, ikkje usannsynleg; ca. kvart 10 år
- Lite sannsynleg (1) en teoretisk sjanse for hendinga; sjeldnare enn kvart 50 år

Kriteria for å vurdere **konsekvensar** av uynskte hendingar er delt i:

	Personskade	Miljøskade	Skade på eigedom, forsyning med meir
1. Ubetydeleg	Ingen skade	Ingen skade	Uvesentleg
2. Mindre alvorleg	Få/små skader	Ikkje varig skade	Skade dersom reservesystem ikkje finst
3. Alvorleg	Behandlingskrevjande skader	Behandlingskrevjande skade	System settast ut av drift over lengre tid; alvorleg skade på eigedom
4. Kritisk	Personskade som medfører død eller varig mén; mange skadd	Langvarig miljøskade	System settast varig ut av drift; uoppretteleg skade på eigedom

17

Berekna **risiko** som funksjon av sannsyn og konsekvensar er gitt i følgande tabell:

Konsekvens:	1. Ubetydeleg	2. Mindre alvorleg	3. Alvorleg	4. Kritisk
Sannsyn:				
4. Svært sannsynleg				
3. Sannsynleg				
2. Mindre sannsynleg				
1. Lite sannsynleg				

- Hendingar i røde felt: Tiltak naudsynt
- Hendingar i gule felt: Tiltak vurderast i høve til nytte
- Hendingar i grøne felt: Rimelege tiltak gjennomførast

Tiltak som reduserer sannsyn vurderast fyrst. Om dette ikkje gjer effekt eller er mogleg, vurderast tiltak som avgrensar konsekvensane.

6.1.3 Overordna risikovurdering

Tenkelege hendingar, risikovurdering og moglege tiltak er samanfatta i fylgjande tabell.

Hending/situasjon	Aktuelt	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/tiltak	Kjelde
Natur- og miljøtilhøve						
<i>Ras/skred/grunnforhold. Er området utsett for, eller kan planen/tiltaket medføre risiko for:</i>						
1. Skred frå fjell (steinsprang, stein- og fjellskred)	Nei					NVE atlas
2. Jordskred	Nei					NVE atlas
3. Flaumskred	Nei					NVE atlas
4. Kvikkleireskred	Nei					NVE atlas
5. Snøskred (laussnø-, flak- og sørpeskred)	Nei					Rapport NGI
6. Elveflaum	Nei					NVE atlas
7. Radongass	Ja	3	4		Det er potensiell høg radonfare innanfor delar av planområdet. Tiltak i høve til TEK10.	NVE atlas
<i>Vær, vindeksponering. Er området utsett for:</i>						
8. Vind (lokalklimatisk)	Nei					eKlima
9. Nedbør (lokalklimatisk)	Nei					eKlima
10. Springflo	Nei					NVE atlas
11. Havnivåstigning	Nei					NVE atlas
<i>Natur- og kulturområder. Medfører planen/tiltaket fare for skade på:</i>						
12. Viktige naturtypar og sårbare artar	Nei					Naturbase
13. Verneområder	Nei					Naturbase
14. Vassdragsområder	Nei					Naturbase
15. Fornminner (tfk)	Nei					Rapport TFK
16. Kulturminne/-miljø	Nei					Rapport TFK

Detaljreguleringsplan for Arbuneset

Menneskeskapte tilhøve						
<i>Strategiske områder og funksjoner. Kan planen/tiltaket få konsekvensar for:</i>						
17. Veg, bru, knutepunkt	Nei				Ingen punkt med kapasitetsproblem	
18. Havn, kaianlegg	Nei					
19. Sjukehus/-heim, kyrkje	Nei					
20. Brann/politi/sivilforsvar	Ja	1	3		Auka krav til beredskap	
21. Kraftforsyning	Nei					
22. Vassforsyning	Nei				Vasskapasitet stor nok	
23. Forsvarsområde	Nei					
24. Tilfluktsrom	Nei					
25. Område for idrett/leik	Nei					
26. Rekreasjonsområde	Nei					
<i>Forureiningskjelder. Berøres planområdet av:</i>						
27. Akutt forureining	Nei					
28. Permanent forureining	Nei					
29. Støv og støy; industri	Nei					
30. Støv og støy; trafikk	Nei					
31. Støy; andre kjelder	Nei					
32. Forureina grunn	Nei					
33. Forureining i sjø/vassdrag	Nei					
34. Høgspenning (stråling)	Nei					
35. Risikofylt industri mm - kjemikaliar/eksplosivar	Nei					
36. Avfallsbehandling	Nei					
37. Oljekatastrofeområde	Nei					
<i>Forureiningskjelder. Medfører planen/tiltaket:</i>						
38. Fare for akutt forureining	Nei					

Detaljreguleringsplan for Arbuneset

39. Støy og støv frå trafikk	Nei					
40. Støy og støv frå andre kjelder	Nei					
41. Forureining til sjø/vassdrag	Nei					
42. Risikofylt industri mm - kjemikaliar/eksplosivar	Nei					
<i>Transport. Er det risiko for:</i>						
43. Ulykke med farleg gods	Nei					
44. Vær/føre avgrensar tilgjengelegheit til området	Ja	1	1		Kan kome mykje sno i området.	
<i>Trafikktryggleik</i>						
45. Ulykke i av-/påkøyrslar	Ja	1	3		Det vil alltid vere ein sjans for ulykkar	
46. Ulykke med gåande/syklande	Ja	1	3			
47. Andre ulykkespunkt	Nei					
<i>Andre forhold</i>						
48. Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål	Nei					
49. Er det potensiell sabotasje-/terrormål i nærleiken?	Nei					
50. Naturlege terrengformasjonar som utgjør spesiell fare (stup etc)	Nei					
51. Gruver, opne sjakter, steintipper etc.	Nei					
<i>Spesielle forhold ved utbygging/gjennomføring</i>						
52. Trafikkulykke ved anleggsgjennomføring	Nei					
53. Ulykke ved sprenging	Nei					

6.1.4 Endeleg risikovurdering

Konsekvens: Sannsyn:	1. Ubetydeleg	2. Mindre alvorleg	3. Alvorleg	4. Svært alvorleg
4. Svært sannsynleg				
3. Sannsynleg				7
2. Mindre sannsynleg				
1. Lite sannsynleg	44		20, 45, 46	

Hendingar som er vurdert å vere sannsynlege til svært sannsynlege og ha alvorlege til svært alvorlege konsekvensar krev tiltak. Følgelig er det nærare oppgjevne hendingar som kommenterast nærare i det fylgjande.

6.1.5 Kjelder

Kulturminner: <https://askeladden.ra.no/>;

Artsdatabanken: <http://artsdatabanken.no/>

Risiko og sårbarheit: <http://www.dsb.no/>;

NVE: <http://www.nve.no/>;

Naturbase: <http://www.miljødirektoratet.no/no/Tjenester-og-verktoy/Database/Naturbase/>

Norges geologiske undersøkelse: <http://www.ngu.no/no/hm/Kart-og-data/>

NVE Atlas: <http://atlas.nve.no/SilverlightViewer/?Viewer=NVEAtlas>

Statens strålevern: <http://www.nrpa.no/>

Statens vegvesen, vegkart:

[https://www.vegvesen.no/vegkart/vegkart#!/kartlag:geodata/sok:{%22lokasjon%22%3A{%22bbox%22%3A%22-2000965%2C5912325%2C3200965%2C8537675%22}%2C%22objektTyper%22%3A\[\]}](https://www.vegvesen.no/vegkart/vegkart#!/kartlag:geodata/sok:{%22lokasjon%22%3A{%22bbox%22%3A%22-2000965%2C5912325%2C3200965%2C8537675%22}%2C%22objektTyper%22%3A[]})

6.2 Konsekvensar for born, unge og rørslehemma

Området er i dag ikkje nytta til leik eller opphald av barn og unge, utover privat leik på private tomter. Tiltak i samsvar med planen vil soleis ikkje føre til reduserte tilbod til denne befolkningsgruppa. Barn og unge som brukarar av hytteområdet vil kunne bruke private tomteareal til leik og utandørs opphald. Utover dette finnast det noko grøntareal spreidd rundt i planområdet, samt skiløype. På nordsida av E-134 ligg Haukelifjell skisenter som byr på mange aktivitetsmoglegheiter for born og unge.

Arbuneset er eit hytteområde, noe som gjer at det er lite tilrettelegging for rørslehemma. Det planleggjast ingen særskilde tiltak for rørslehemma. Planframlegget har ingen ambisjonar om å overgå krava i PBL om universell utforming i bygg eller utandørs anlegg. **Ein vurderer konsekvensane av planframlegget for born, unge og rørslehemma som nøytrale.**

7 Planomtale

7.1 Bygninger og anlegg

Eksisterende og nye hyttetomter regulerast til *bygninger og anlegg, fritidsbusetnad – frittliggjande* og merkast **Bff** på plankartet.

Planlagde utleiehytter regulerast til *bygninger og anlegg, utleiehytter* og merkast **Buh** på plankartet.

Skiløypa som går gjennom planområdet regulerast til *bygninger og anlegg, skiløypetrasé* og merkast **Asl** på plankartet.

Eksisterende anlegg for energi regulerast til *bygninger og anlegg, energianlegg* og merkast **Ea** på kartet.

Eksisterende og planlagd anlegg for vass-, avlaups- og straumforsyning regulerast til *bygninger og anlegg, vass- og avløpsanlegg* og merkast **Bva** på plankartet.

7.2 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

Alle køyrevegar regulerast til *samferdselanlegg og teknisk infrastruktur, køyreveg* og merkast **Skv** på kartet.

Areal til grøfter, fyllingar og skjeringar regulerast til *samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur, annan veggrunn - grøntareal* og merkast **Sav** på plankartet.

Eksisterende parkeringsplassar regulerast til *samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur, parkering* og merkast **Sp** på plankartet.

7.3 Landbruks-, natur- og friluftslivsformål samt reindrift

Grøntområde mellom hyttetomter og infrastruktur regulerast til *landbruks-, natur- og friluftsføremål, friluftsføremål* og merkast **LNFR-f** på plankartet. Området skal være grøntbuffer mellom hyttene.

7.4 Bruk og vern av sjø og vassdrag

Vatn i og omkring planområdet regulerast til *Friluftsområde i sjø og vassdrag* og merkast **Vf** på plankartet.

7.5 Omsynsoner

Området er sett av til VA-trase og regulerast til *omsynsoner – sikringsone – andre sikringssoner* og merkast **H190_** på plankartet.